



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:
2013/056416-003

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.09.2014

Ny vurdering og uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplan for bruksendring til bustad - gnr. 18 bnr. 39 Sagstad.

Vi viser til uttale i saka dagsett 12. juni 2013 og synfaring på staden 27. august 2014.

På synfaring la grunneigar fram løysingar for å betre trafikktryggleiken for ein eventuell bustad. Dette innebar mellom anna å flytte inngangspartiet vekk frå vegen, å utvide uteoppholdsarealet nord-aust på eigedomen og å skilje mellom utearealet til bustad og snekkerverkstad. Statens vegvesen vart bedne om å vurdere saka på nytt med grunnlag i dei føreslegne endringane.

Vi har drøfta saka internt og kome fram til følgjande:

Etter vår vurdering er denne eigedomen lite eigna for bustad. Eigedomen ligg mellom ei innerkurve av fylkesvegen og ei høg fjellskjæring. Sjølv om føreslegne endringar vil kunne føre til noko betre tilhøve enn eksisterande situasjon, er det etter vårt syn ikkje tilfredsstillande.

Våre vurderingar i brev dagsett 12. juni 2013 er ikkje endra som følgje av føreslegne utbetringar. Statens vegvesen vil framleis rå i frå at det vert gjeve dispensasjon i denne saka.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta Espelund
Anne Marta Espelund

Kopi: vibeke@kassfabrikken.no

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52